

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

**Nils Marton Aadland (H)** sette på vegner av H, Frp, MDG, V, KrF, Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Utval for miljø og samferdsel oppmodar fylkesordføraren til snarast ta kontakt med Avinor for å få i stand reelle drøftingar mellom Avinor og drosjeverksemda i Bergen før TMCS eventuelt blir etablert på Bergen Lufthavn Flesland. Viser elles til saksutgreiing / innstilling i PS 29/16 i utval for miljø og samferdsel."

**Natalie Golis (MDG)** sette på vegner av MDG, Frp, SV, A, H, V, KrF og Sp fram slikt forslag (a):

"Endra punkt 5:

Fylkesutvalet finn det svært problematisk at Avinor innfører Taxi Management Control System (TMCS) på Bergen lufthamn Flesland. Fylkesutvalet vil med dette som bakgrunn be om at ein ikkje innfører dette systemet. Systemet vil handsama bussar, bane og drosjenæringer ulikt, noko som vil gå ut over dei reisande."

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slikt forslag (b):

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet ber drosjenæringer aktivt arbeide for å auka talet på miljøbilar i bilparken sin basert på lågutslepps- og/eller nullutsleppsteknologi, dvs. både hybrid, el-bil og bil som nyttar hydrogen."

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 med Golis sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Golis sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner ein reduksjon på 6 % av det totale løyvetalet i Bergen køyreområde. Reduksjonen skal skje gjennom naturleg avgang. Det nye løyvetalet i køyreområdet skal vera 705 løyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reserveløyve.
2. Fylkesutvalet ber drosjenæringer arbeida for å oppnå ein betre balanse mellom kvinner og menn både på løyvehavarsida og på sjåførsida. Ved kunngjering av ledige drosjeløyve vil løyvestyresmakta oppmoda kvinner til å søkja.
3. Fylkesutvalet ber drosjenæringer vera merksam på faren for etnisk polarisering mellom drosjesentralane.
4. Fylkesutvalet ber drosjenæringer heva kvaliteten på kjentmannsprøver og skjerpa krava i språktestane.
5. Fylkesutvalet finn det svært problematisk at Avinor innfører Taxi Management Control System (TMCS) på Bergen lufthamn Flesland. Fylkesutvalet vil med dette som bakgrunn be om at ein ikkje innfører dette systemet. Systemet vil handsama bussar, bane og drosjenæringer ulikt, noko som vil gå ut over dei reisande.
6. Fylkesutvalet ber drosjenæringer aktivt arbeide for å auka talet på miljøbilar i bilparken sin basert på lågutslepps- og/eller nullutsleppsteknologi, dvs. både hybrid, el-bil og bil som nyttar hydrogen.